



## FISKERIRETTLEIAREN I ULSTEIN OG HAREID

Kontor, adr., tlf.:  
Rådhuset, 6060 Hareid, (070) 92 195  
Rådhuset, 6065 Ulsteinvik, (070) 12000

- Fiskerinemndsmedlemmane i Hareid
- Fiskerinemndsmedlemmane i Ulstein
- Fiskeristyre v/Fiskerisjefen i Møre og Romsdal
- Fiskeridirektoratet
- Fiskeridepartementet
- Hareid kommune
- Ulstein kommune


Hareid 20/5 -88

"ÅRSMELDING" 1986 - 1987

I samråd med Fiskerisjefen i Møre og Romsdal har eg utarbeidd ei kort og forenkla "årsmelding" for 1986-1987 som her vert  
./.  
oversendt vedlagt.

Dersom vi får tilbake kontorhjelp på fiskerikontoret så tar vi sikte på å utarbeide ei bedre og meir seriøs årsmelding seinare.

Helsing



Jan-Petter Mork

16 AUG. 1988



## FISKERIRETTLEIAREN I ULSTEIN OG HAREID

Kontor, adr., tlf.:  
Rådhuset, 6060 Hareid, (070) 92 195  
Rådhuset, 6065 Ulsteinvik, (070) 12000

.. ÅRSMELDING .. 1986 - 1987

På grunn av den mangelfulle bemanninga på fiskerikontoret den seinare tid - og på grunn av at ein stadig vert pålagt nye arbeids- og ansvarsområder, har ein ikkje fått tid til å skrive årsmelding siste to åra. Dette er derfor tenkt som ein kort informasjon i påvente av bedre kontorbemanning. (Ein tar forbehold om eventuelle feil som denne truleg kan innholde)

### Tenestedistriktet.

Hareid og Ulstein deler i hovedsak öya Hareidlandet som ligg rett inn for Breisundet, ca ein halv time med båt sør for Alesund. Regionen som har hatt svak vekst i folketallet hadde pr. 31/12-87 totalt 9.969 innbyggjarar fordelt med 5.543 i Ulstein og 4.426 i Hareid kommune.

### 1. RETTLEIINGSTENESTA, FUNKSJON OG VERKSEMD

#### 1.1. Fiskerikontora:

Vi har bra utstyrte kontor både i Hareid og i Ulstein. Kontoret på Hareid er normalt betjent mandag, onsdag og torsdag - i Ulstein tirsdag og torsdag.

#### 1.2. Personalet:

Fiskerirettleiar vart tilsett i dette distriktet den 1/8-75. Fra 1980 til 1986 hadde vi kontorhjelp finansiert av Arbeidsdirektoratet på fiskerikontoret. Etter den tid har fiskerirettleiar ikkje hatt kontorhjelp. Med krav om deltaking i møter og kurs har dette medført at kontoret ofte vert ubetjent samtidig som ein ikkje maktar å gi næringa den rettleiing og hjelp dei ber om. Både fiskerinemndene og kommunene har påpeika at skal fiskerikontoret fungere etter intensjonane så må det tilsettast kontorhjelp, jfr. samrøystes vedtak i Hareid og Ulstein fiskerinemnd - henholdsvis sak 17/86 og 21/86. (utdrag av vedtaket i pkt.8.1, side 8)

#### 1.3. Korrespondanse:

På begge kontora har det siste åra i fylgje brevjournalen vore motteke ca 1000 brev og utsendt ca 700 brev i året.

#### 1.4. Dei viktigaste prosjekta:

Settefiskanlegget Fløfisk a/s, Settefiskanlegget Hjørungfisk a/s, Flø fiskerihamn, Brandal Fiskerihamn, Liavåg Fiskeindustri a/s, Skjervøy Service- og Lineegnesentral, kartlegging av aktuelle områder for akvakultur, fiskerikata i Ulstein og autolinebåten "Karl Vadøy" m.fl.

#### 1.5. Deltaking i utval, nemnder, styre og råd:

Fiskerirettleiaren er sekretær for begge fiskerinemndene, fiskarmanntallsförar i begge Kommunane, merkelova sin tilsynsmann i begge kommunane, representant for Statstjenestemannkartellet sitt samarbeidsråd på Sunnmøre, formann i fagforeninga Rettleiingstjenestens Funksjonærforening (RFF) avdeling Møre og Romsdal. Fiskerirettleiaren tar også del på møter i fiskarlag, hamnestyremøter, bygningsrådsmøter/møter i teknisk styre, møter som vedkjem reguleringsplanar, kystsonenplanen, klarering/kontroll ved seism. testing, tråtesting m.m.

#### 1.6. Tjenestereiser utanfor tjenstedistriktet:

Fiskerirettleiaren tar del på dei kurs, seminar og møter som normalt er "ansett som obligatoriske for kontoret". I tillegg har ein eit mindre antal reiser i samband med verv ein er valgt til i fagorganisasjonsapperatet.

#### 1.7. Medlemmer i fiskerinemndene og leiarar i andre organ:

Valgt for perioda 1988-1992

##### HAREID fiskerinemnd:

Angell Brandal, leiar  
Modulf Røyset, nestleiar  
Else Grimstad  
Else Karlsen  
Sigvart Breivik

(trygdesjefen tiltrer nemnda ved handsaming av fiskarmanntalet)

##### Varamedlemmer i rekkefylgje:

1. Else Dimmen  
2. Sigurd Liavåg  
3. Kristian Grimstad  
4. Roar Holstad  
5. Unni Ostrem

##### Hareid Hamnestyre:

Roger Hareide, leiar

##### Takstnemnd Statens Fiskarbank:

Angell Brandal, leiar

##### Hareid Fiskarlag:

Leif K. Hareid, leiar

##### Merkelovens tilsynsmann:

Fiskerirettleiaren

##### ULSTEIN fiskerinemnd:

Andreas Svendsen, leiar  
Karen Topphol, nestleiar  
Knut Strand  
Eivind Ulstein  
Borghild Pettersen

(trygdesjefen tiltrer nemnda ved handsaming av fiskarmanntalet)

##### Varamedlemmer i rekkefylgje:

1. Arne Høyvik  
2. Sölvi Hauge  
3. Bjørnar Kleiven  
4. Sylvi Skeide  
5. Steinar Dimmen

##### Ulstein Hamnestyre:

Bård Vikanes, leiar

##### Takstnemnd Statens Fiskarbank:

Andreas Svendsen, leiar

##### Ulstein Fiskarlag:

Eivind Ulstein, leiar

##### Merkelovens tilsynsmann:

Fiskerirettleiaren

### 1.8. Möteverksemd i fiskerinemndene:

Kvar av fiskerinemndene har siste åra holde 4 eller 5 fulltalige (vedtaksføre) møter i året. Her har kvar nemnd årleg handsama 20-30 saker og 40-50 referatsaker. I tillegg til dette hadde kvar nemnd ca 2 "minimöter" i månaden der formannen/nestformannen (evt. eit medlem) og fiskerirettleiaren handsama kurante saker og hastesaker som seinare vert referert på vedtaksføre møter. Dei "fulltalige" möta varer vanlegvis i 3-5 timar, "minimöta" ca 1 time.

### 1.9. Viktige saker:

Med ei setning kan det seiast at alle saker som betyr mykje for den enkelte - og alle saker som gjer at fiskerinæringa "kjem inn på bana som likeverdig spelar" er viktige saker.

### 1.10. Administrativ erfaring:

Sjolv om samarbeidet har utvikla seg til det betre så kan ein enno forbetre dette ved auka informasjon og utveksling av erfaringar mellom dei ulike organ, politikarar og tjenestemenn.

## 2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

### 2.1. Fiskarmanntalet:

Antal fiskarar gjekk jamt nedover i begge kommunane fram til byrjinga på 1980-åra. Etter den tid har ein kvart år hatt auke i fiskarmanntalet.

Pr.31/12-87 var det i Hareid registrert til saman 188 fiskarar fordelt med 147 på blad B (hovedyrkefiskarar) og 41 på blad A (biyrkefiskarar) Gjennomsnittsalderen på fiskarane i Hareid er ca 37 år.

Pr.31/12-87 var det i Ulstein registrert til saman 160 fiskarar fordelt med 122 på blad B (hovedyrkefiskarar) og 38 på blad A (biyrkefiskarar) Gjennomsnittsalderen på fiskarane i Ulstein er ca 39 år.

I regionen sett under ett var det dermed registrert 348 fiskarar.

### 2.2. Sysselsetting i fiskemottak- og foredlingsleddet:

Siste åra har det vore sysselsett 40-50 arbeidarar i fiskemottak- og foredlingsanlegg i dette distriktet. Av disse er 40-45 sysselsett i anlegg på Hareid, 2-4 på mottak i Ulstein.

### 2.3. Sysselsette i akvakultur:

Også her har ein auke i sysselsette, i dag er det 10-12 i Hareid og 8-10 i Ulstein. I tillegg har ein periodevis leigearbeidarar.

#### 2.4. Andre arbeidsplassar skapt av fiskerinæringa:

I tillegg til dei før nemnde arbeidsplassane har ein skipsindustrien, betongindustrien, produksjon av kaikraner og fiskevaskemaskiner, produksjon av oppdrettskar, lineegnesentralar, konsulent- og regneskapskontor, rørleggerfirma, elektrisk montørar, serviceverkstad for småbåtar, utstyrsleverandører m.m.

#### 2.5. Den totale sysselsettinga i fiskerinæringa:

Det er gjort berekningar som viser at alle dei direkte og indirekte virkningane av fiskeria skaper 1 - 1,4 arbeidsplassar i land for kvar registrert fiskar. Dersom vi legg oss "midt på treet" kan ein seia at for kvar sysselsett fiskar vert det skapt 1,2 arbeidsplassar i land.  $348 \times 1.2 = 417,6$ . Ut frå dette finn vi at fiskerinæringa i dette distriktet totalt skaper  $348 + 418 = 766$  arbeidsplassar.

### 3. FISKEFLÅTEN

#### 3.1. Avgang, tilgang, antal og alder:

Fiskeflåten i Hareid har siste åra holdt seg relativt stabilt i antal 27-30 farty. Salg av farty er i hovudtrekk kompensert ved at andre har kjøpt nye båtar. Det er likevel grunn til å merke seg at av dei selgde fartya er fleire større båtar og av dei nye til distriktet er hovudsakeleg mindre fiskefarty. Fiskeflåten i Hareid er i dag samansett av 1 hekktrålar, 2 snurparar (ein av disse har også kolmuletrålutstyr og den andre er også selfangstskute), 1 selfangstskute, 3 kystfiskefarty og resten sjarkar, totalt 28 farty. Ca 77 % av fiskeflåten er bygd etter 1970, 23 % er eldre.

Fiskeflåten i Ulstein har siste åra holdt seg relativt stabilt rundt 40 farty. Salg av farty er i hovudsak kompensert ved at nye er kjøpt inn. Her er det hovudsakleg dei minste sjarkane som har vore solgt og nye som er komt til er gjennomgående større sjarkar og kystfiskefarty. Fiskeflåten i Ulstein er i dag samansett av 1 havgåande autolinefarty, 2 små-reketrålarar, 7 kystfiskefarty som i hovudsak driv med garn og line - og resten sjarkar, totalt 39 farty. Ca 69 % av fiskeflåten er bygd etter 1970, 31 % er eldre.

#### 3.2. Krinsvis fordeling av fiskeflåten:

Av dei i alt 28 fiskefartya i Hareid kommune var 16 frå Hareid, 8 frå Brandal, og 4 frå Hjörungavåg.

Av dei i alt 39 fiskefartya i Ulstein kommune var 15 frå Ulsteinvik (inkl. Ulstein), 10 frå Flø, 6 frå Dimna, 5 frå Haddal, og 3 frå Eiksund.

Deler av året er 5-10 farty tilhøyrande utekrinsane stasjonert i Ulsteinvik ved fiskerikaia og Skjervøy-anlegget.

### 3.3. Konsesjonane i distriktet:

I Hareid har ein 2 ringnotkonsesjonar, 2 selfangstkonsesjonar, 1 saltfisk/filet-trålkonsesjon, 1 kolmuletrålkonsesjon, 1 laksedrivgarnkonsesjon, 2 settefiskoppdrett-konsesjonar, 1 kveiteoppdrett-konsesjon, 1 hummeroppdrett-konsesjon og 4 musling-konsesjonar.

I Ulstein har ein 1 brisling-konsesjon, 1 settefiskoppdrett-konsesjon og 5 muslingkonsesjonar.

## 4. FISKEMOTTAK OG -FOREDLINGSLEDDET

### 4.1. Dei enkelte bedriftene i distriktet:

- Liavåg Fiskeindustri a/s, 6063 Hjörungavåg  
(klippfiskproduksjon og fryseri for mottak/foredling av sild, makrell, laks m.m.)
- Martin Karlsen a/s, 6062 Brandal  
(Mottak/foredling av selskinn, spekk, brugdelever, småkval, fisk og selolje m.m.)
- Skjervøy Fiskemottak, 6065 Ulsteinvik  
(Mottak av line- og garnfisk som brosme, lange, hyse, torsk, sei m.m. for flekking og salting eller videresolgt fersk)
- Per Tømmerstøl, 6065 Ulsteinvik  
(Tilknytt Skjervøy-anlegget og tar der i mot sild og brisling for salting og krydring)

### 4.2. Råstoffmottak, produksjon - utvikling siste åra:

I Hareid er det hovedsakeleg Liavåg Fiskeindustri a/s som har teke imot og foredla fisk siste åra. Etter selfangsten vart så sterkt nedtrappa har det ikkje vore teke imot slikt råstoff ved Martin Karlsen a/s sitt anlegg. Ved Liavåg Fiskeindustri er det siste åra teke imot 2.000-3.000 tonn saltfisk, 3.000-4.000 tonn makrell, 2.000-3.000 tonn sild og 200-400 tonn "diverse" pr år. Av saltfisken vert det produsert klippfisk, av makrellen og silda vert noko filetert og noko vert eksportert rund frossen. Førstehandsverdien av oppkjøpt råstoff i denne bedrifta auka relativt jamnt til det i slutten av 80-åra har stabilisert seg på 50-60 mill.kr. i året. (bedrifta er no under eigarskifte) I Ulstein er det Skjervøy-anlegget som har teke imot fisk siste åra. Per Tømmerstøl har teke i mot sild og brisling for salting og krydring og fiskemottaket har teke i mot brosme, lange, sei,

torsk, hyse m.m. som dels vert salta og dels vert omsett ferskt isa. Mottaket her auka sterkt siste åra med frå ca 10 tonn til ein førstehandsverdi på ca kr.30.000 i 1983 til ca 180 tonn til ein verdi på ca 1,8 mill.kr. i 1986/87 (inkl. brisling/sild) Den positive utviklinga her skyldes i stor grad at anlegget har hatt god oppslutning av påmelde sjarkar til lineegnesentralen på Skjervøy-anlegget. Utviklinga siste året har imidlertid stagnert noko og synest for tida usikker.

#### 4.3. Fangstleveringar utanfor distriktet:

Grovt anslått regner ein med at dei havgåande fiskefartya leverer 80-90 % av den totale fangsten utanfor dette distriktet. Når det gjeld kyst- og sjarkflåten i distriktet så kan ein grovt anta at 50-60 % av den totale fangsten vert levert til mottak utanfor disse kommunane.

## 5. AKVAKULTUR

### 5.1. Söknader og resultat ved anlegg i drift:

På tross av fleire innsende søknader har ein ikkje fått ein einaste matfisk-konsesjon for oppdrett av laks og aure i dette distriktet.

I Hareid er settefiskanlegget Hjørungfisk a/s det største anlegget. Driftsresultatet har vore godt og det er no bygt ny og framtidsretta bygning ved sjøen ein kilometer frå klekkeriet. Det andre settefiskanlegget Brandal Klekkeri a/s er mindre og er relativt uproffesjonelt oppbygt ved at det er teke i bruk utrangerte bygningar. Også dette har to lokalitetar, eit fram i dalen og eit anlegg nede ved sjøen. Driftsresultatet for dette firmaet har vore dårlegare då det har vist seg at det er vanskeleg å innarbeida seg med salg på eit etter kvart metta marked. Kveiteoppdrett-konsesjonen som tilhøyrrer Brandal Havbruk a/s og ein hummar-konsesjon er ikkje kome i drift enno. Når det gjeld skjell-konsesjonane så er forventningane etter kvart dempa - og det økonomiske resultatet vil truleg først kunne vise seg etter salg av mindre parti østers i år og neste år.

I Ulstein er Fløfisk a/s oppbygt som eit stort, proffesjonelt og framtidsretta settefiskanlegg. Det kom som ei overrasking på mange at eit så veldreve anlegg i startfasen fekk salgsforbod på grunn av mistanke om sjudom. Siste året har anlegget derfor vore under "styring" av veterinærmyndighetene som tross jamnlege prøver enno ikkje har funne noko sjukdom slik som mistenkt. Det er derfor grunn til å håpe at salgsforbode vert oppheva så snart råd er. Når det gjeld den økonomiske sida ved driftsresultatet så er det klart at denne bedrifta har fått store vanskar på

grunn av forventa salgsinntekter som enno ikkje har komt inn. Når det gjeld skjell-anlegga i Ulstein så vil ein ved første vesentlege salga av østers i 1989/90 sjå om det er økonomisk interessant.

## 6. LÅNE- OG FINANSSAKER

### 6.1. Statens Fiskarbank:

I distriktet sett under eit er det dei to siste åra gitt finansbistand til nye fiskefarty (rentestøtte), brukt farty, reparasjon/ombygging, ny motor, fiskereiskap, likviditetslån, lån til akvaanlegg, tilskot til autolineanlegg og avdragutsetting. I tillegg til dette var Statens Fiskarbank involvert i handsaminga av valutalan oppteke i Danmark for eit nybygg som var bygt der. Siste åra har ca 50 % av dei omsøkte låna vorte innvilga - men dei fleste med eit langt lavare beløp enn det som var omsøkt.

### 6.2. Andre lån og tilskot:

I distriktet sett under eit var det i løpet av dei to siste åra gitt tilskot til akvaanlegg og fiskemottak frå DUF og opplagstøtte frå Fiskeridepartementet for ei selfangstskute som ikkje tok del i selfangsten.

## 7. EIT TILBAKESYN PÅ NOKRE HENDINGAR

Dette er det kapittelet som fiskerinemnda rettmessig meinte burde vera med i ei årsmelding. Ved verbal beskriving vart det også det desidert største og mest arbeidskrevande.

Når ein her må avgrensa seg til ei eller to setningar om hendingar siste åra så vert dette berre "mindre enn ingen ting". Kapittelet vert derfor avgrensa til i stikkord å nemne fiskerikaia i Ulstein, Fløfisk a/s, Hjørungfisk a/s, to nye kystfiskefarty, nytt havgåande autoline-farty, kontrahering av ny hekktrålar, ei jamn auking av antal fiskarar i distriktet, forventningar i akvakultur, Kystsonplan, .....



## 8. PLANAR OG TILTAKSIDEAR

### 8.1. Aktuelle prosjekt i den enkelte krins:

Med den bemanning fiskerikontoret har vil fine ord om planar og tiltaksideal berre verta "slag i lause lufta".

Inntil ressursar vert stilt til rådighet for nødvendig kontorhjelp har fiskerinemndene gjort vedtak om at "fiskerirettleiaren må prioritere det daglege forefallande arbeide på fiskerikontoret, ta imot og besvare spørsmål og gi rettledning og råd så langt ein maktar. Dette vil dessverre måtte gå utover tiltaksretta arbeid, forbereding av saker, orden i journalføring og maskinskrivearbeid, årsmeldinga samt medføre fleire dagar med ubetjente kontor".

Eg finn det likevel rett å merke at arbeidsforholda spesielt går utover kystsoneplanen som fiskerikontoret burde engasjerast mykje sterkare i for å ivareta nærings sine interesser.

### 8.2. Prioriteringar av aktuelle prosjekt i distriktet:

Å måtte prioritere mellom ulike prosjekt er ei vanskeleg sak - og det vil alltid vera nokon som meiner (og mange med rette) at eit anna prosjekt er "viktigare" og burde gå framfor andre.

I tillegg kjem at mange forutsetningar av forventna nærings- og samfunnsutvikling såvel som planlegging endrar seg over tid.

Ut frå dette er det grunn til å tru at fylgjande prioriteringsliste i praksis kan verta endra:

1. Utbygging av fiskerihamnene og fiskerirelaterte verksemder i tilknytning til disse.
2. Generelt legga stor vekt på arbeide med potensielle framtidsretta konsesjonar, kreditt-tilgang og utbygging av akvakultur-anlegg.
3. Så langt mogleg vera med å ivareta fiskerinæringa sine interesser i samband med utarbeiding av kystsoneplanar, herunder spesielt innafor godkjende hamnedistriktsgrenser.
4. Støtte opp om aktuelle opplegg for kurs og undervisning som kan spreie informasjon og kunnskap om fiskerinæringa.
5. Ta aktiv del for å hindre at merkeregistrerte fiskefarty vert "bortpressa" av fritidsflåten i hamnene og på fiskefelta.

## 9. OPPSUMMERING/KONKLUSJON

Tidligere var dette distriktet kjent som eit av dei mest aktive fiskeriområda på Sunnmørskysten. Siste 10-20 åra har derimot både havfiskeflåten og selfangstnæringa gått sterkt tilbake slik at ein i dag har igjen berre 4-5 av tilsvarende store farty som det var 20-30 av i femti- og sekstiåra. I antal er nedgangen i havfiskeflåten nær kompensert med ein tilsvarende auke i sjarkflåten - men sysselsettinga i næringa er redusert sjølv om antal fiskarar har auka jamt, siste 3-4 åra.

1987 vart på mange måtar eit dårlegare år for fiskeflåten enn dei siste foregåande åra. Dette skuldast m.a. dårlegare prisar på fisken og reduserte tilskot over fiskeriavtalen.

Kvantum og prisar på line- og garnfisken var under middels og gjorde derfor at mange sjarkar kom dårleg ut med årsresultatet. For snurparane vart det også eit dårlegare år, hovudsakleg på grunn av den sviktande loddestamma og stagnerte prisar på råstoffet. Hekktrålararen gjorde eit godt år etter bra fiske og brukbare prisar på fileten. Ei ishavsskute hadde bra fangst i Austisen men med dei lave skinnprisane måtte rederiet ha statstøtte for å halde økonomisk balanse på turen.

Fiskemottaka hadde midels resultat i motteke kvantum - men det økonomiske resultatet var dårlegare.

Innan akvakultur gjorde eit av settefiskanlegga det brukbart, eit hadde problem med salg av regbogearen og det tredje fekk salgsforbod på grunn av misstanke om sjukdom.

Utsiktene framover er no meir usikre i og med at fiskarane har mista mykje av tilskota dei tidlegare fekk - og resursgrunnlaget for fiskeflåten ser heller ikkje lys ut dei næraste åra.

I akvakulturnæringa har det vorte større konkurranse. Den sterke utbygginga av settefiskanlegg vil medføre auka produksjon og utbud slik at prisen på settefisk av laks og aure vil gå ned - og mange settefiskanlegg vil derfor få økonomiske vanskar. Dei stadig aukande kapitalkostnadane generelt og det høge rentenivået spesielt vil truleg verta ei tung belastning og medføre havari og konkursar for mange bedrifter i fiskerinæringa såvel som i andre næringar.

I den tradisjonelle delen av fiskerinæringa må ein anta at Garantikassen for fiskarar må auke dei sosiale utbetalingar den næraste tida framover på grunn av lave prisar og dårleg fiske generelt, herunder det siste dårlege vintertorskefiske spesielt.

Målt i kroner har den totale skatteinngangen frå fiskerinæringa til begge kommunane siste åra stabilisert seg på ca 7,5 mill.kr. fordelt med ca 4 mill. til Hareid og ca 3,5 mill. til Ulstein. Tek ein omsyn til inflasjonsutviklinga, skatteinntektsaukinga generelt og næringsutviklinga i andre bransjar - så er det klart at den relative andelen av skatteinngangen frå fiskerinæringa i dette distriktet har avteke jamt dei siste 10-20 åra sjølv om nedgangen kanskje har stoppa opp siste 2-3 åra.

Stagnasjonen i skatteaukinga den seinare tid reiser spørsmål om tida no er inne for å igjenoppbygge ei framtidsretta fiskerinæring i distriktet. Med dei langsiktige perspektiva vi

har innan akvakultur og ei fornuftig beskatning av dei tradisjonelle fiskeslaga burde det vera grunn til ei forsiktig men likevel nøktern optimisme.

Ei igjenoppbygging av fiskerinæringa i dette distriktet er imidlertid avhengig av at sentrale beslutningstakere både av politikere og tjenestemenn medvirker positivt slik at kommunene får tildeling av konsesjonar og kredittløyvingar.

Ein er fullt inforstått med at denne rapporten som i hovudsak er skrevet "på sparket" - både er mangelfull og kan innholde feil. Meininga er at den skal vera ei "erstatning" for årsmeldinga som vi i følge instruks er pålagt å utarbeide - men som vi av arbeidskapasitetsmessige grunnar ikkje har tid til slik som burde ha vore gjort.

Hareid 16/5 -88

Jan-Petter Mork